



Olav Thorsheim  
Vassbygdvegen 484  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/378 - 16/2855

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
10.03.2016

## Avslag på søknad om utsleppsløyve - gbnr 181/11 Torsheim.

**Administrativt vedtak. Saknr: 145/16**

**Tiltakshavar:** Olav Thorsheim  
**Ansvarleg søker:**  
**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Det er søkt om utsleppsløyve for eigedomen gbnr 181/11. Søknaden gjeld auka utslepp/oppgradert avlaupsløyving for heilårsbustad med vassklosett.

Søklar skriv i søknaden:

Når Storavatnet blei klausulert til drikkvatn blei det etablert ny utsleppsordning, av kommunen, frå eigedomen. Det har også vort utslepp fra toalett (bruntvatn) i boligen heile tida. Ønskjer no å oppgradere med avløpsrensaneanlegg klasse 1. Dette for å redusere utsleppet fra bustaden.

Utsleppet frå eigedomen er søkt reinsa i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac (FD 5 N PEH) for nedgraving der utsleppet frå reinseanleggt skal førast til innsjø.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 24.07.2015, supplert 28.08.2015 og 30.09.2015.

### Planstatus

Eigedomen ligg i område som er avsett til LNF-føremål i kommuneplanen sin arealdel og ligg også innanfor sikringssona for nedslagsfeltet til hovuddrikkevasskjelda til Lindås kommune. Tiltaket ligg nærare vatnet enn 100 meter og tiltaket er såleis også råka av byggjeforbodet langs sjø og vassdrag i plan- og bygningslova § 1-8.



### **Bygget sin status**

Bygget er i matrikkelen registrert som «heilårshus benyttet som fritidshus». Det er søkt om endring av bygningsstatus i matrikkelen til heilårsbustad, men søknaden er avslått.

### **Status for avlaupsanlegget**

Søkjar opplyser i søknaden at bygget på eigedomen har utslepp med vassklosett. Det er vidare opplyst i skriv datert 28.09.2015 at dreneringa frå slamavskiljaren går til morenejord og at sandfilteranlegg såleis ikkje var naudsynt då Lindås kommune oppgraderte avlaupsanlegga i området i 1983.

I pristilbodet frå Biovac er det derimot skildra forslag til avlaupsløysing der avlaupet frå reinseanlegget skal først til etterpolering via eksisterande slamavskiljar og sandfiltergrøft på eigedomen før spreining i terreng. I følgje kommunen sine opplysningar frå skjønsoppgjeret for søre del av Storavatnet og den oppgraderinga av avlaupsanlegga som kommunen gjennomførte i området, var eigedomen den gongen registrert som fritidsbustad med gråvassutslepp. Avlaupsanlegget vart oppgradert med 2 m<sup>3</sup> slamavskiljar og sandfiltergrøft.

Teknisk drift har gjeve følgjande uttale:

«Som ein del av skjønsoppgjeret for søre del av Storavatn, som vart vald som drikkevasskjelde for Lindås kommune, i 1977-inngjekk det at kommunen tok kostnaden med oppgradering av alle eksisterande utslepp-avløp-til dåtidas krav. Alle hus og hytter i nedslagsfeltet vart registrert for kva utslepp dei hadde, og av di ein ikkje fekk gjera endringar på slik det var, vart alle eksisterande utslepp-avløp oppgradert. Dette vart eit eige prosjekt, og der Ivar Thorsheim, som då var tilsett ved byggjesaksavd i Lindås k,-leia-styrde arbeidet. Alt materiell vart innkjøpt av kommunen, og arbeidet vart utført av folk «på tiltak» som det heitte då i 1982-83. For bruk nr 11, som var i bruk som hytte då, var det registrert kjøkkenavløp med avløp til jordbruksgrøft. Etter regelverket vart det etablert 5 m «kunstig anlagt» sandfiltergrøft, 2 m<sup>3</sup>-tokamra slamavskiljar, og prøvetakingskum-før avløp til jordbruksgrøft. Dersom det seinare har vore montert vassklosett og bad, og l. er ikkje i tråd med klausuleringsvedtektene som gjeld for nedslagsfelt, og særleg innafor 100 mtrs-grensa for drikkevattnet. Dette til dykkar orientering.»

### **Nabovarsel**

Tiltaket er ikkje nabovarsla då tiltakshavar også eig omkringliggjande landbrukseigedom.

### **Høyring**

Det ligg føre høyringsuttale frå Mattilsynet datert 08.02.2016. Dei skriv:

#### **Mattilsynets vurdering**

På generelt grunnlag i slike saker, mener Mattilsynet man skal være restriktive med å gi utslippsløyve, og støtter således kommunen i sine vurderinger for å sikre at god drikkevasskvalitet opprettholdes.

### **Plassering**

Omsøkt plassering og utsleppsstad er vist i kart i datert 27.08.2015, mottatt 28.08.2015.

## Reinseløysing

Det er i søknaden forutsett nytta biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Det er ikkje gjort greie for særskilde brukarinteresser i området eller tiltak for å ivareta drikkevassinteressene i området.

## VURDERING

Omsøkte tiltak ligg innanfor nedslagsfeltet til hovuddrikkevasskjelda til Lindås kommune. I følgje drikkevassforskrifta skal eigar av vassforsyningssystem sjå til at det vert planlagt og gjennomført nødvendig beskyttelse av vasskjelda for å hindra fare for forureining av drikkevannet, og om nødvendig erverva rettar for å opprettholde slik beskyttelse. Dei vedtekne klausuleringsføresegnene for nedbørsfeltet skal ivareta dette.

### Status for bygget

Status for bygget som bustad, slik det er oppgitt i søknaden, er ikkje dokumentert. Bygningen på eigedomen er i dag registrert som «heilårsbustad benyttes som fritidsbustad» i matrikkelen.

Kommunen har ingen opplysningar i arkivet om når bygget er oppført eller kva bygget er oppført som. Bygget kan ha blitt oppført som bustad, men ut frå kommunen sine opplysningar har bygget ikkje vore i bruk som bustad på svært lang tid, truleg over 50 år. Vi kan ikkje sjå at det i folkeregisteret er registrert fast busetnad på eigedomen ut frå opplysningar tilbake til 1960-talet. Det er heller ingen registreringar av kommunale avgifter på eigedomen. Då arbeidet med oppgradering av alle avløp i området, som del av skjønnsoppgjeret for Søre del av Storavatnet vart gjennomført, var bnr 11 registrert i bruk som fritidshus.

Kommunen vurderer at bruken av bygget som bustad er å sjå på som opphørt og at bygget ikkje kan takast i bruk som heilårsbustad før det ligg føre løyve til bruksendring. Ein eventuell bruksendring til bustad er ikkje i samsvar med gjeldande plan for området og vil krevja dispensasjon. Bruksendring til bustad vil vera i strid med både LNF-føremålet og byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs vassdrag, jf pbl § 1-8. Det er heller ikkje opna for bruksendring av denne eigedomen i klausuleringsføresegnene til nedslagsfeltet til Storavatnet. Slik administrasjonen vurderer det kan det ikkje påreknast at det vert gjeve bruksendring av bygget.

### Status avlaupsløysing

Kva avlaupsløysing som er lovleg etablert for eigedomen er heller ikkje dokumentert. Søkjar påstår at det har vore utslepp med WC i bygget frå tidlegare, medan kommunen sine opplysningar frå skjønnsoppgjeret og oppgraderinga av avlaupsanlegga i området som vart gjennomført i 1982-83, viser utlepp av gråvatn frå eigedomen og at det vart bygd slamavskiljar og sandfiltergrøft for å reinsa dette. Dersom WC er installert i bygget etter dette tidspunkt var installeringa søknadspliktig etter forureiningslova. Kommunen kan ikkje sjå at det er søkt om og gitt utsleppsløyve for installering av WC i bygget.

### Samla vurdering

Det er svært viktig å sikra tilstrekkeleg vern av hovuddrikkevasskjelda i Lindås kommune. Klausuleringsføresegnene for området skal ivareta dette. Kommunen vil vera svært restriktiv med å godkjenna utsleppsløyve som ikkje er i tråd med klausuleringsføresegnene. Mattilsynet støttar også ei restriktiv haldning.

Dagens status for bygget i matrikkelen krev at det vert gitt bruksendring til bustad før kommunen kan handsama søknaden. Tiltaket er ikkje i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og også i strid med det generelle byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs vassdrag, jf § 1-8 i plan- og bygningslova. Klausuleringsføresegnene opnar ikkje for bruksendring frå hytte til bustad.

Det er vidare ikkje dokumentert at bygget har lovleg etablert avlaupsløysing med WC. Det er ikkje samsvar mellom søkjar og kommunen sine opplysningar om kva avlaupsanlegg som er godkjend på eigedomen eller tidspunktet for kortid dette er etablert. Kommunen kan ikkje sjå at det er godkjend utslepp med WC frå eigedomen. I følgje klausuleringsføresegnene skal bustadar og hytter innanfor ein avstand på 100 meter frå vatnet primært ha biologisk klosett utan avlaup.

Ei godkjenning eller legalisering av omsøkte avlaupsløysing vil kunne gje presendens og på sikt undergrava klausuleringsføresegnene. Kommunen avslår etter ei samla vurdering søknaden om utsleppsløyve for bustadhus på gbnr 181/11 slik han ligg føre.

## VEDTAK

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert søknaden om utsleppsløyve for bustad på gbnr 181/11 avslått. Grunngevinga for vedtaket går fram av vurderinga over.**

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/378

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Eining for Teknisk drift

**Mottakarar:**

Olav Thorsheim

Vassbygdvegen 5912  
484

SEIM